

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

Arkivsak: 11/100-1 / Journalpost: 11/631
Arkivkode: S10
Avd/Saksh: EH
Dykkar ref:

DALE 31.01.2011

NY LOV OM ELSERTIFIKAT - HØYRINGSUTTALE FRÅ VAKSDAL KOMMUNE

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og nødvendig. Vaksdal kommune ser behovet for klimavenleg energi og og framtidsretta næring . Me er difor samde med regjeringa i at ei ordning med ein felles sertifikatmarknad mellom Norge og Sverige er ein god måte å skapa eit grunnlag for ei slik satsing.

Vaksdal kommune er ein av dei kommunane i Norge som i stor grad har stilt sine naturressursar til rådvelde for storsamfunnet m.a. gjennom å leggja til rette for utnytting av fornybar energi.

Slik regjeringa no føresler elsertifikatordninga vil det vera mange utbygde og planlagde kraftverk som ikkje får nyta godt av denne ordninga. Det kan ikkje Vaksdal kommune sjå vil vera eit bidrag for å leggja til rette for utnytting av framtidsretta og klimavenleg energi.

Vaksdal kommune ber difor om at alle kraftverk med byggjestart etter 1.januar 2004 får rett til sertifikat.

Med helsing

Eirik Haga
Ordførar



